
Vår referanse 2020/79828-4
Dato 02.03.2021

Alf Magnar Angelskår
Totland 84
5993 OSTEREIDET

Uttale - Fv. 5452 Leknesvegen - Parkering - Gnr 202 bnr 4 - Hjelmås 45 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 03.02.2021.

Vi fekk nabovarsel for frådelling av areal på gnr. 202 bnr. 4 i Alver kommune. Tiltakshavar svarte på vår merknad i brev av 03.02.2021. Der vert det lagt ved søknad om avkøyrslø.

Tiltaket gjeld frådelling av areal for å opparbeide parkering for Apalen Kapell.

Planstatus:

Det meste av arealet er regulert gjennom «Helleåsen» vedtatt 2011. Ein mindre del er uregulert, men avsett til parkeringsareal jf. kommunedelplan for Lindås.

Saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

I regulerte områder er det Alver kommune som er rett vedtaksmynde. Vi meiner at du må difor i første omgang rette søknaden din til Alver kommune, som må samordne dei ulike interessene i saka.

Sidan saka er først kome inn til oss, vel vi å skrive ei uttale allereie no, sjølv om saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst. Vi har heller ikkje vore på synfaring i denne konkrete saka, men basert uttalen på foreliggende kunnskap, som kart og flyfoto.

Uttale til søknad om frådelling, utvida bruk av avkøyrslø og dispensasjon frå byggjegrense.

Før det vert gjeve løyve til frådelling skal tomta vere sikra lovleg avkøyrslø frå offentleg veg jf. pbl 27-4 og veglova §§40-43.

Reguleringsplan for Helleåsen regulerer avkøyrslø mot fylkesveg og eit langsgåande fortau ved private vegen til bustadfeltet. Avkøyrslø skal utformast slik det er vist på plankartet jf. føresegn §2.2 til planen. Ut i frå kart og flyfoto er ikkje avkøyrslø og fortau bygd slik det vart planlagt. Avkøyrslø mot fylkesveg er utflytande, samt at det ikkje er opparbeidd svingradius retning venstre i avkøyrslø. Vi har ikkje funne dokument i vårt arkivsystem som tilseier at den bygde løysinga er godkjent av rette vegmynde. Vi ber om det blir lagt fram slik dokumentasjon. Vi er kritisk til auka bruk av avkøyrslø slik det no er søkt om, før den er bygd slik den er planlagt.

I følgje plankartet skal busslomme lokalisert ved avkøyrsløpunktet ved fylkesvegen flyttast lengre sør. Heller ikkje dette tiltaket er utført.

I reguleringsplan «Helleåsen» er det vist ein parkeringsplass, men ikkje vist tilkomst til området. I kart vedlagt søknaden er det vist ei avkøyrslø til område frå privat veg. Avkøyrsløpunktet er plassert i ein sving, samt at den kryssar fortau. Den vidare saksgangen må finne ei optimalisert løysing for

plassering av avkøyrsla. Ein må ta særlege omsyn til mjuke trafikantar. Skal ein tilrå ei slik løysing må det tilretteleggjast med god sikt både til fortau og køyreveg.

Byggjegrænse langs fylkesveg er 50 meter frå vegmidte i område som ikkje er regulert. For regulerte område gjeld den byggjegrænse som er regulert i plankartet, eventuelt byggjegrænse som var gjeldande når planen vart vedtatt. Før vi kan vurderer ei snevrare byggjegrænse må det sendast inn situasjonskart som viser korleis parkeringsarealet skal opparbeidast. Vi er kritisk til å kome for nære fylkesvegen, fordi det på sikt er behov for utbetring av fylkesveg og tilrettelegging for mjuke trafikantar.

Vi vil og vise til at Vestland fylkeskommune skal delta på kartforretning dersom det skal frådelast areal langs fylkesvegen.

Sluttord:

Det er Alver kommune som er rett mynde i regulerte område. Vi meiner kommunen må samordne interessene i dette tilfellet, sidan arealet dels er regulert og dels uregulert.

Før det vert gjeve løyve til ny og utvida bruk av avkøyrsla meiner vi den må utbetrast slik at den vert bygd slik den er planlagt. Det same gjeld for fortau, som må førast heilt fram til fylkesvegen. Vi er kritisk til auka bruk av avkøyrsla slik den er bygd.

For å vurdere ei snevrare byggjegrænse langs fylkesveg, må det leverast eit situasjonskart i målestokk M1:500 eller M1:1000 med alle tiltak teikna inn. Vi vil vere kritisk til tiltak for nære vegen, fordi det på sikt er behov for utbetring av fylkesvegen og tilrettelegging for mjuke trafikantar på strekninga.

Vi minner også om at vi skal ha tilsendt eit eventuelt vedtak frå kommune til klagevurdering, og behandling etter veglova.

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4